



Eidsvik bygde opp stor kompetanse på fiskebåtar

### Den største verksemda i Uskedalen, Eidsvik, er konkurs,

**Styreleiar Steinar Fjeldstad på Husnes bekrefter overfor uskedalen.no at det tradisjonsrike skipsbyggeriet vart levert til skifteretten i går. Det hadde no 22 tilsette medan bemanninga for nokre år sidan var langt større. Lenge hadde det ein arbeidsstokk på over 60. I ettermiddag har det vore allmøte for dei som er ramma av konkursen.**

- Det som er skjedd er svært trist,.Eidsvik er ei tradisjonsrikt verksemd, men det var ingen annan utveg etter det som er skjedd i dei seinare åra. Etterkvart vart det for få ordrar til å halda aktiviteten oppe, seier styreleiaren. Han har hatt vervet sidan 1995 og opplevd både opp- og nedturar.

Eidsvik vart starta i 1929. I perioden fram til 1956 bygde dei trebåtar for så å gå over til byggjing og utrustning av stålbåtar. Sidan den kjente Solfjell vart levert i 1995 har Eidsvik levert meir enn 75 båtar. og bygde etterkvart opp stor kompetanse på fiskebåtar.

I dei seinare åra kom dei også inn på offshoremarknaden med utrustning av eitpar supplybåtar der skroget var bygd i Tyrkia.

I seinare tid har det vorte mindre oppdrag. Dei innskrenka seg til reparasjon av ferger for Norled, men det var altså ikkje nok til å unngå konkursen.

Men så seint som i fjor haust kunne vi melde om eit langt betre resultat i 2011 enn i 2010 - 260 000 mot 6 millionar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen